



Her er ikkje gjørd frå før, den tamme turen på Halsnøy i Sunnhordland, og denne vinteren og ruslar han kring, her og på, og tek imot det godbitene han får. Her har fotografen knipa den sjeldsynte fuglen i ein lageleg situasjon.

# Heimelaga Filologi

## TOTNAVAR.

Med høve av «spurvis» sitt rim i «Dagen» vil eg med dette gi mi meining tilkjenne for etternemnde ord:

«Totnavar». I Indre Sogn lyder det turnavar, om ein som lite kan i boki eller praktisk arbeid heiter ogso «trenavar».

«Måfåbidne»: ein eller ei som lite kan med koppar og kar i huset.

«Saumdrægla»: kan kanskje ha

samanheng med å saumdraga d. e. å dra saumane på ein robåt. (Klinka til att).

H. M.

Til Spurvis og Alfabeta.

Det er av og til moro å sjå på ordtydingane til Alfabeta, soleis no då Spurvis kom med spursmål sine. Ordet «totnavar» kjenner eg inkje, men tydingi av ordet var morosam. Ordet Saumdrægla eller Samdregla kjenner eg, for fortalde — født 1852 — at det var det gamle namnet på det me seinare kalla Upplengja, standarane som bordkledningen på eitt hus var spikra på. Gamalt sa ikkje folk spikar, men saum, då var

spikaren handsmidd. Difor namnet Saumdrægla, men ogso samdregla, avdi stikken heldt bordkledningen saman. To namn og tvo tydingar på same stikken, same gagnet. Åren hev ordet Samslå eller Saumslå, istaden for Upplengja.

Men no skal eg koma med eitt ord til Alfabeta. Ein Vidjunge, sagt oftast Vidjunge, kva er det? Tydingi skal eg koma med, i fall ingen greider det.

Tidlegare nemnde ein Wilhelm Tveit ei lina i ein song: «Sopast skal tilet til reint det vert rudt». Det er frå ein song av Kristofer Janson: «Fjukande skyer».

Gamal bonde.

Kjære Alfabeta.

No må eg visst hjelpa deg litt. Eg ser du er i beit med ordet måfåbidne.

Eg kan fortelja deg at ordet er i bruk den dag i dag, og er enkelt å forklåra.

Måfå tyder: 1. Utan nytte. 2. På det uvisse. Etymologisk kjem det av må i meiningi kan, og av verbet få. Samanlika det danske måske = kan henda.

Bidne er eit velkjent ord som tyder kopp, treskål, lite kjerald. Det heng saman med det islandske ordet bida som tyder bytta,

lite kjerald. Det er eit utgamalt ord av same rot som det greske «pithos» = fat, vinfat, krukka.

Det heng ogso truleg saman med substantivet ei buna som tyder stamp, balje, av det gamalnorske bodn = mjølkekar. Isländsk budna.

Måfåbidne tyder altså ordrett eit kjerald som er utan nytte. I daglegtale er det berre nytta som karakteristikk av eit menneske som ikkje duger. Serleg upraktisk person.

So var det totnavar.

Navar har du gjort rett greida for. Men når det gjeld fyrstavinga tot, tek du visseleg i miss. Det har nok ikkje noko med det tyske tot = død å gjera. Derimot heng det saman med det norske tot som kjem av verbet tyta (tjota), isländsk por. Det tyder susing, murring, knurring, larm, stendig snakk, skvalder. Av dette har me ordet tot-hol som spottande karakteristikk av ein person som stendig tyt og pratar.

Totnavar er soleis ein navar som ikkje skjer, men berre gniskar og tyt utan å bita.

Ordet er no i bruk visstnok berre som karakteristikk av ein person som har det med å skravl

utan tilsvarende evna til gagnarbeid. Altså ei øvneløysa.  
Otto Halmås.

Med dette reknar eg med at dei fleste gåtene omkring ordet måfåbidne må vera avklåra. Difor set

vi punktum her, endå det er koma ei heil rekkje med innlegg frå andre lesarar. Stort sett er dei likevel samde om den tolkning som no er fastslagen. Takk for hjelpi og takk for den store interessal